

Ref.nr.:

Saksnr:

Dato: 14.11.2014

ENDRINGAR I VERNEFORSKRIFTA FOR JOTUNHEIMEN NASJONALPARK OG UTLADALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE

1 FRAMLEGG

Klima- og miljødepartementet legg med dette fram forslag til endring av verneforskriftene for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde blei oppretta ved kgl. res. 5. desember 1980 med heimel i naturvernloven 19. juni 1970 nr. 63. Forskrifta for Jotunheimen nasjonalpark er seinare endra, sist 16. november 2004. Verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde er ikkje endra sidan verneområdet blei oppretta.

Endringsframlegget er grunna i behovet for å modernisere dei gjeldande verneforskriftene og tilpasse dei til nye forskriftsmalar for nasjonalparkar og landskapsvernområde i samsvar med naturmangfaldlova. Forskriftene er no endra slik at mellom anna vanleg vedlikehald av bygningar m.m. er direkte tillate, det er presisert at jakt og fiske er regulert av anna lovverk, at kulturminne er verna og at transport av personell og av gjester som ligg fast, til turisthytter er tillate etter søknad.

1.1 Heimel

Heimel til å endre verneforskriftene går fram av naturmangfaldlova § 77 , jf. naturmangfaldlova §§ 35 og 36.

2 VURDERING I HØVE TIL NATURMANGFALDLOVA KAP II

Naturmangfaldlova §§ 8–12 har prinsipp for offentlege avgjersler. Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa bli lagt til grunn som retningsliner når det

offentlige treff avgjersler som omfattar naturmangfaldet. Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 skal også trekkast inn i skjønnsutøvinga. Det skal kome fram av avgjersla korleis prinsippa er vurdert i saka. Prinsippa er lagt til grunn som retningsliner i arbeidet med endringar av verneforskriftene for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde.

Eit grunnleggjande krav i disse føresegnene er at alle avgjersler skal byggje på kunnskap om naturmangfaldet (§ 8). Endringar i forskriftene for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde bygger på kunnskap som ligg i tidligare verneplanarbeid, forvaltningsstyresmaktene sine erfaringar med forvaltninga av verneområda og kunnskap som har kome fram gjennom høyringa og møter med relevante aktørar. Kravet til kunnskapsgrunnlaget i § 8 er difor oppfylt, og difor får føre-var-prinsippet lita vekt i saka (§ 9).

Endringsforslaga fører ikkje til vesentlege endringar i dei restriksjonane som gjeld i verneområda, men blir foreslått for å forenkle og tilpasse forskrifta til naturmangfaldlova og standard malar for oppbygging av verneforskrifter. Endringane vil soleis ikkje føre til nokon form for auka belastning på artar, naturtypar eller økosystem. Prinsippet i naturmangfaldlova § 10 om samla belastning er vurdert og tillagt vekt.

Prinsippet i naturmangfaldlova § 11 om at kostnadene ved miljøydeleggingar skal kostast av tiltakshavar får ikkje særlig verknad i denne saka ettersom vernet legg vesentlege grenser på kva for tiltak som kan gjerast i området. Einskilde tiltak som vil kunne tillatast ut frå vesentlege samfunnsinteresser og ut frå tryggleikssyn med vidare vil kunne medføre negative påverknader på naturmangfaldet. I slike tilfille vil ein kunne sette vilkår som medfører kostnader for den som får eit løyve eller ein dispensasjon, jf. § 11.

Når det gjeld naturmangfaldlova § 12, er lokaliseringalternativ for ulike tiltak aktuelt å vurdere, mellom anna i samband med løyver og dispensasjonar til trasear for motorferdsle. For andre tiltak vil også lokalisering, men også val av teknikkar og driftsmetodar, for eksempel ved oppføring av bygningar og nødvendig transport i samband med dette måtte vurderast etter § 12. Også ved fastsetting av forvaltningsplan skal det leggjast vekt på naturmangfaldlova § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Avveging i forhold til andre samfunnsinteresser, jf naturmangfaldlova §14, blei gjort da verneområda blei oppretta, jf kgl.res. 5. desember 1980. Dette framlegget gjeld revisjon av eksisterande verneforskrifter som i liten grad vil påverke andre samfunnsinteresser, og det blir derfor ikkje nærare omtale av naturmangfaldlova § 14 her.

3 SAKSHANDSAMING

Fylkesmennene i Sogn og Fjordane og i Oppland har i samråd med ei referansegruppe arbeidd med revisjon av forvaltningsplanen for Jotunheimen nasjonalpark. Referansegruppa bestod av representantar frå dei fylkesvise tilsynsutvala, grunneigarar, reiselivet, Den norske turistforening, Statens naturoppsyn og Statskog. Undervegs i arbeidet har fylkesmennene i samråd med referansegruppa funne behov for å gjere endringar i verneforskriftene. Det har difor vore parallell handsaming av revisjon av verneforskrifter og forvaltningsplan.

Forslag til endringar i verneforskriftene og ny forvaltningsplan blei sendt på høyring 22. august 2007 til sentrale, regionale og lokale instansar, grunneigarar og rettshavarar. I samband med høyringa blei det heldt ope folkemøte i Lom og Luster. Fylkesmennene sin tilråding til nye forskrifter og forvaltningsplan etter høyring, blei oversendt Direktoratet for naturforvaltning (no Miljødirektoratet) 3. juli 2008.

Direktoratet for naturforvaltning (no Miljødirektoratet) og fylkesmennene har etter dette vore i dialog om behov for endringar i verneforskrifter og forvaltningsplanen ut frå nye retningsliner for forvaltning av verneområde, samt behov for endringar som følgje av at naturmangfaldlova trådde i kraft 1. juli 2009. Det har også vore eit møte mellom direktoratet, fylkesmennene og referansegruppa i samband med dette. Kommentrane/ tilrådingane frå fylkesmennene kan difor på nokre punkt avvike frå det som vart sendt over til direktoratet.

Under slutthandsaminga i Klima- og miljødepartementet har departementet hatt møte med ein hytteeigar.

4 FORESLÅTTE ENDRINGAR I VERNEFORSKRIFTENE

4.1 Jotunheimen nasjonalpark

Framlegg til endringar i verneforskrifta for nasjonalparken er mellom anna knytt til:

- Søknadsplikt for vanleg vedlikehald av til dømes eksisterande bygningar, anlegg, stiar, vegar opphevast.
- Særregulering av jakt, fangst og fiske blir oppheva, slik at desse aktivitetane vert regulert av dei til einkvar tid gjeldane lovverk om jakt, fangst og fiske.
- Kulturminne er teke inn som ein del av verneføremålet i nasjonalparken, og er vidare presisert gjennom eit eige punkt i nasjonalparkforskrifta.
- Regulering av motorisert ferdsel. Fleire føremål vert unnateke frå forbodet, og det vert opna for at forvaltningsstyresmaktene kan gje løyve til fleire nye føremål. Det er framlegg om at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til transport av til dømes personale til drift av turisthytte og transport av gjester som ligg fast, til turisthyttene Gjendebu, Glitterheim og Memurubu, i samsvar

med forvaltningsplan. Lågtflyving under 300 meter over bakken vert regulert i samsvar med mal for nasjonalparker.

- Bygging av ny jordbruksveg inn til beiteområda i Utladalen blir ikkje lenger tillate.

Sjå kap. 7.1 for nærare detaljar.

4.2 Utladalen landskapsvernområde

Framlegg til endringar i verneforskrifta for landskapsvernområdet gjeld mellom anna:

- Vedlikehald av mellom anna bruer, stier, Vettisvegen mv. vert unnateke søknadsplikt.
- Regulering av ferdsel, vern av kulturminne og forbod mot ureining blir innarbeida som nye punkt i forskriftene
- Regulering av motorisert ferdsel. Fleire føremål vert unnateke frå forbodet, og det vert opna for at forvaltningsstyresmaktene kan gje løyve til fleire nye føremål. Lågtflyving under 300 meter over bakken vert regulert i samsvar med mal for nasjonalparker.

Sjå kap. 7.2 for nærare detaljar.

5 FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVEN SAR

Forslaget til revisjon av verneforskriftene for nasjonalparken og landskapsvernområdet vil ikkje medføre nye behov for forvaltning, oppsyn og skjøtsel. Kostnadene til forvaltning, skjøtsel og oppsyn dekkjes over kapittel 1420 postane 01, 21 og 31, og vil vere avhengig av den økonomiske utviklinga og budsjettsituasjonen.

Endringane i forskriftene vil etter departementet si vurdering ikkje utløyse nye krav om erstatning. Eventuelle utgifter til erstatningar og gjennomføring av erstatningsprosess som følgje av at forskriftsendringane skulle føre til nye økonomiske tap for nokon, vil i så fall skje innanfor løyvinga til kap. 1420 post 34.

6 HØYRING AV FRAMLEGG TIL ENDRING AV VERNEFORSKRIFTER

I tillegg til grunneigarar, kommunane Lom, Vågå, Skjåk, Vang, Luster, Øystre Slidre, Årdal og Oppland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har følgjande partar og instansar fått framlegg til nye forskrifter til høyring;

Bell AS, Besseggen fjellpark, Bessheim Fjellstue, Besstrond, Besstrondfjellet beitelag, Brimi Fjellstugu, Bygdalista, Bygdin grunneigarlag, Bygdin høyfjellshotell, Bøverdalen grendautval, Bøverdalen Østside grunneigarlag, Bøvertun, Bygdalista i Lom,

Den Norske Turistforening Oslo og Akershus, Destinasjon Beitostølen, Beitostølen Turistinformasjon, Eidsbugarden fjelleigedom v/ Statskog, Fondsbu turisthytte, Forum for Natur og Friluftsliv, Naturvernforbundet i Oppland, Fossheim Steinsenter, Friluftslivets Fellesorganisasjon- FRIFO, Fuglehøe beitelag, Galdhøpiggen Sommerskiser, Gjendebu Turisthytte, Gjendebåten, Gjendeosen Kiosk og parkering, Gjendesheim Turisthytte, Glitterheim Turisthytte, Heimsand camping, Sinclair eiendom AS, Helsebot høgfjellsopplevelser, Hestevølladn sameige, Hindsæter beitelag, Hindsæter fjellstue AS, Andre Sundero, Høgskulen i Lillehammer, Høyt og Lavt, Hålien sameige, Jotunfjell leirskole, Jotunheimen Aktiv IT, Jotunheimen Fjellstue, Jotunheimen og Valdresruten Bilselskap, Jotunheimen Reiseliv, Juvasshytta, Nordre Storvik, Kasa og Strand sameige, Klatring og Friluftsliv, Bessheim, Krossbu Turiststasjon, Krossbu, Kvithaug og Ondalen sameige, Langmorkje almenning, Leirungsdalen beitelag, Leirvassbu Turisthytte, Leirvassbu, , Lensmannen i Lom, Lillehammer og omland Turistforening, Lom Arbeidarparti, Lom Beitelag, Lom Bondelag, Lom Bonde- og småbrukarlag, Lom Bre- og fjellførarlag, Lom Fjellføring, Lom Fjellstyre, Lom Jeger- og Fiskarforening, Lom og Bøverdalen Røde Kors Hjelpekorps, Lom Tamreinlag, Lom Tamreinlag (gjeterne), Lom turistinformasjon, M/S Gjende, Maurvangen A/S, Memurubu Turisthytte, Nasjonalparkriket, Regionkontoret Nord-Gudbrandsdal, Naturopplevelser, Naturopplevingar, Naturvernforbundet i Lom/Skjåk, Naturvernforbundet i Oppland, NJFF – Oppland, Norges Naturvernforbund, Vågå, Norgesguidene, Norsk Fjellmuseum, Norsk Ornitologisk forening avd Oppland, Norwegian wildlife og rafting AS, NVE Region Øst, Nybu sameige, Ole og Seksin sameige, Opdal og Skogstad sameige, Oppland Bonde og Småbrukarlag, Oppland Bondelag, Oppland Sau og geitalslag, Ottadalen Billag A/S, Raubergstulen, Raudbergstulen Turisthytte, Raudfjorden sameige, Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal, Russdalen Beitelag, Røisheim Hotell og Skysstasjon, Senterpartiet i Lom, Sjoa Rafting, Sjodalen hyttetun, Skjåk Rafting, SNO, Sognefjell Turisthytte, Sognefjellshytta, Spiterstulen, Sportco, Statens vegvesen- Region Øst, Statskog SF, Storådalsdrifta, Synsbekk sameige, Søremsstallen, Terrengsykkel.no, Tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark i Lom, Tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark i Vang, Tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark i Vågå, Torfinnsbu turisthytte, Tyin - Filefjell Aktiviteter ANS , Tyinholmen Høyfjellstuer, Upptur, Vang fjellstyre, , Vang Bonde og Småbrukarlag, Vang Bondelag, Varden Fjellskole, Vegg i Vegg, Vildmarks-compagniet, Vågå bonde- og småbrukarlag, Vågå bondelag, Vågå fjellstyre, Vågå historielag, Vågå JFF, Vågå Reiseliv AS, Vågå Rekneskapslag, Vågå skogeigarlag, Vågå Tamreinlag A/L, Vågå turistkontor, Vågå turlag, Østlandsforskning, Øystre Slidre fjellstyre.

6.1 Endringar som følge av naturmangfaldlova

Etter høyringa er naturmangfaldlova vedteken og trådd i kraft (1. juli 2009). Som følge av dette er det gjort nokre tilpassingar i framlegg til ny forskrift. Desse tilpassingane er ikkje av ein slik art at det er naudsynt å sende framlegg til forskrifter på ny høyring.

Endringar som følgje av naturmangfaldlova er at dei generelle dispensasjonsreglane i gamal forskrift er sette ut av kraft gjennom naturmangfaldlova § 77, og erstatta av naturmangfaldlova § 48. Ny § 4 i begge verneforskrifter blir utforma i samsvar med § 48: "Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strid mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48." Denne regelen vil i mange høve vere overlappende med gamal § 4 i verneforskrifta for nasjonalparken og landskapsvernområdet. I tillegg er §1 føremålet presisert.

7 MERKNADER TIL ENDRING I VERNEFORSKRIFTENE

7.1 Merknader til verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark

7.1.1 Verneføremålet

Sogn og Fjordane bondelag ber om at teksten må endrast i første setning til: "...Å verne og *forvalte* eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad

DNT Oslo og Omegn og DNT (sentralt) meiner det er viktig at naturopplevingar er kome inn som eit mål for vern av Jotunheimen nasjonalpark i forskrifta § 1 Føremål. Dei synest at omgrepet "tradisjonelt" med fordel kunne vore fjerna, då eit enkelt friluftsliv vil ivareta utøvinga av friluftslivet på ein skånsam måte, men samtidig kunne inkludere nye typar enkelt friluftsliv.

DNT (sentralt) meiner det i forarbeida bør presiserast at det aktivt skal stimulerast til auka friluftslivsbruk. Formuleringa om at "allmenta skal gis anledning ..." kan bli oppfatta som altfor passivt, og det bør samtidig kome klårt fram at friluftsliv er eit av hovudføremåla med vernet.

Memurubu turisthytte meiner det bør kome sterkare fram i forskrifta at dei lokale bruks- og næringsinteressene skal tilleggjast vekt og at ein bør synleggjere turisme.

Årdal kommune stiller seg svært positive til at kulturminne er sett på dagsorden og vert ein del av verneføremålet.

Oppland fylkeskommune meiner det er positivt at kulturminne er løfta fram som ein del av verneføremålet, men dei foreslår ein ny og meir presis formulering, samt at det også kan bli gjeve løyve til skilting av kulturminne. Alle kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. For automatisk freda kulturminne, vedteke freda kulturminne og lausfunn gjeld reglane i kulturminnelova. Kulturminne frå nyare tid skal også vernast mot skade og øydelegging. Tiltak

som kan vere eigna til å endre, skade eller fjerne kulturminne frå nyare tid som kan ha verneverdi, skal leggjast fram for forvaltningsstyresmaktene for godkjenning. Slike kulturminne kan til dømes vere bygningar, vardar, vassvegar, ferdselsvegar, osv.

Fylkesmennene i Oppland og i Sogn og Fjordane har i revisjonsarbeidet lagt til grunn at naturmangfaldlova ikkje gjev grunnlag for at næringsinteresser/turisme kan vere eit føremål ved oppretting av ein nasjonalpark. Møte i referansegruppa har lagt vekt på at det er lange tradisjonar for friluftslivturisme spesielt i Jotunheimen. Når det samstundes er vist til at visse typar verksemd kan skje innanfor ramma av vernereglane, vil fylkesmennene likevel rå til at friluftslivsturisme kjem med i verneføremålet på same måte. Fylkesmennene finn verneforskrifta uttømmende, og meiner at ytterlegare presiseringar om kulturminne høyrer heime i forvaltningsplanen.

Direktoratet for naturforvaltning (no Miljødirektoratet) legg til grunn at omsynet til friluftsliv er eit viktig delføremål med nasjonalparken. Direktoratet meiner òg det er aktiviteten sin verknad på naturverdiane som er avgjerande, og ikkje om aktiviteten er tradisjonell eller ikkje. Det er difor gjort endringar i direktoratet sin standard mal for verneforskrifter på dette punktet. Føremålet blir derfor her endra til "Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging." Direktoratet har merka seg at DNT meiner ordlyden er for passiv, men vil peike på at ordlyden er godt i samsvar med målet om at naturen skal vere tilgjengeleg for friluftsliv utan stor grad av teknisk tilrettelegging. Naturmangfaldlova legg ikkje opp til at næringsinteresser/turisme kan vere eit føremål ved oppretting av ein nasjonalpark, slik fylkesmennene har lagt til grunn. Det er samstundes slik at landbruk, jakt, fiske, undervisning og forskning kan skje innanfor ramma av verneforskriftene. Eitersom friluftslivsturisme er viktig i området, finn direktoratet at dette og kan takast inn som noko som kan skje innanfor ramma av verneforskriftene.

Direktoratet meiner i likskap med fylkesmennene at vern av kulturminne er tilstrekkeleg regulert i forskrifta. Fleire av innspela frå fylkeskommunen er tilhøve som høyrer heime i forvaltningsplanen. Kulturminnelova gjeld i tillegg til verneforskrifta, på same måte som andre lover.

Klima og miljødepartementet gjer merksam på at naturmangfaldlova ikkje heimlar at næringsverksemd kan vere ein del av verneføremålet, anten det er knytt til landbruk, turisme eller annan aktivitet. Dette er difor teke ut av § 1 - føremålet i forskrifta. Desse aktivitetane er omtala under § 3, for å synleggjere at aktivitetane har ein sentral plass i nasjonalparken. Friluftsliv kan vere ein del av føremålet slik det framkommer gjennom formuleringa "Ålmenta skal ha høve til uforstyrta naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging." Forvaltning inngår heller ikkje som ein del av føremålet, men vert regulert av andre delar av forskrifta, jf §§ 5, 6, 7 og 8. Departementet sluttar seg elles til direktoratet.

7.1.2 Landskapet

Noregs fjellstyresamband (NFS) er nøgd med at verneforskrifta for begge verneområda er forankra i fjellova gjennom å innehalde viktige punkt i høve til utøving av bruksrett i statsallmenning. I forskrifta § 3 punkt 1.3 bør det inn eit nytt punkt om at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til oppføring av nye bygningar i samband med oppstart av seterdrift på statsallmenning.

Sogn og Fjordane bondelag ber om at det må gjevast grunnlag og aktivitetsrom i verneområdet for landbruksturisme basert på bygningsmasse i området, ferdsel og informasjon om reislivsprodukt, naturmiljø, historisk landskap og ferdselsvegar knytt til fedrift og anna landbruksaktivitet.

DNT (sentralt) støttar punkt 1.2 b) og c), 1.3 b), d) og e). DNT ønskjer at verneforskriftene har ein viss fleksibilitet for å møte framtidige behov for tilrettelegging for friluftsliv.

Fylkesmennene i Oppland og i Sogn og Fjordane viser til at framlegget til verneforskrifter tek utgangspunkt i standard mal for verneforskrift for nasjonalparkar utarbeidd av Direktoratet for naturforvaltning med tilpassing til gjeldande verneforskrifter for Jotunheimen nasjonalpark frå 1980 som gjaldt da framlegget til forskrifter blei sendt på høyring. Fylkesmennene ser ikkje grunn til å endre i høve til framlegget.

Fylkesmennene viser til at det ikkje er seterdrift med mjølking i nasjonalparken i dag, og at retten til seterdrift på Gjendebu har opphørt. Memurubu er einaste seter i drift. Det er heller ikkje her tradisjonell seterdrift i dag, men det er dyr på beite. Oppstart av seterdrift er pga. utviklinga i landbruket mindre aktuelt i dag enn ved opprettinga av Jotunheimen nasjonalpark i 1980.

Direktoratet for naturforvaltning (no Miljødirektoratet) støttar fylkesmennene sine vurderingar. Fjellova er ei privatrettsleg lov om kven som har rettar på statsallmenning. Verneforskrifta regulerar ikkje slike privatrettslege høve (dvs. høve mellom private partar). Når det gjeld friluftsliv og turisme vil direktoratet vise til at det i forskrifta er rom for ei slik verksemd i området, både når det gjeld tilrettelegging og landbruksturisme. Det er mellom anna mogleg å utnytte eksisterande bygningsmasse til ulike føremål. Dersom det er ynskje om vedlikehald og ombygging av eksisterande bygningar f.eks. med sikte på ei bruksendring, er dette søknadspliktig tiltak som skal bli vurdert av forvaltningsstyresmakta. Slike tiltak vil det kunne verte gjeve løyve til dersom det ikkje strir mot verneføremålet. Det er tatt inn at drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg og naudsynt istandsetting ved akutt utfall, jf forvaltningsplan er tillate. Vidare er det i nasjonalparkforskrifta § 3 pkt. 1.3 tatt inn at det kan gjevast løyve til oppgradering og fornying av kraftanlegg og kraftliner. Det er tatt inn at eksisterande vegar kan haldast vedlike i samsvar med forvaltningsplan.

Klima- og miljødepartementet viser til at landbruk og turismeverksemd vil kunne skje innafor nasjonalparken så lenge det ikkje er i strid med verneføremålet. Nasjonalparkane er det ypparste Noreg har av natur og dei trekkjer til seg turistar både frå inn- og utland. Dette gjev næringsmessige moglegheiter. Desse moglegheitene må takast vare på og for framtidige generasjonar, slik at grunnlaget for verdiskaping vil vere til stade i framtida i tråd med ei berekraftig utvikling. Departementet sluttar seg elles til direktoratet.

7.1.3 Planteliv og dyreliv

Norges fjellstyresamband (NFS) vil at det i forskrifta § 3 punkt 3 må synast til fjellova.

Vågå kommune er imot at det blir opna for at Direktoratet for naturforvaltning kan regulere beite. Ein meiner denne formuleringa er for upresis for at beiteinteressene i området kan kjenne seg tryggje på ikkje å få bandlagt bruk som følge av politiske svingingar i opposisjon og forvaltning.

Direktoratet for naturforvaltning (no Miljødirektoratet) viser til at fjellova er ei privatrettsleg lov om kven som har rettar på statsallmenning. Føremålet med § 3 pkt. 3. er å vise at fiske, jakt og fangst er tillate når dette skjer i samsvar med viltlova og laks- og innlandsfisklova. Direktoratet meiner det i dag er lite aktuelt å regulere beite, men regelen er ein sikkerheitsventil dersom det i framtida skulle vere eit behov. Regulering av beite vil uansett krevje regulering gjennom forskrift og det inneber mellom anna at saka skal verte sendt på høyring før dette blir vedteken. Direktoratet viser elles til at skjøtsel av eksisterande setervollar er endra til "slått og rydding av eksisterande setervollar i samsvar med forvaltningsplan, jf. nasjonalparkforskrifta § 3 pkt. 1.2 e). I tidlegare § 3 pkt. 1.2 a) stod det at vern heller ikkje skal vere til hinder for "vanleg jordbruksdrift i utmarka". Direktoratet finn at dette er eit så uklart punkt, og at den drifta som er aktuell allereie er dekt opp gjennom forskrifta slik den no lyd, både i 1.2 a og andre reglar om tiltak for jordbruket i pkt. 1.3, samt høve til beiting og motorferdsel.

Klima- og miljødepartementet viser til at eventuell regulering av beite, berre kan bli aktuelt dersom beitetrykket blir endra slik at det skader verneverdiane. Departementet sluttar seg elles til direktoratet.

7.1.4 Matlova

Klima- og miljødepartementet legg til grunn at i særskilde høve kor det er behov for å setje inn tiltak etter lov av 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattryggleik mv. (matlova), vil dette kunne dispensrast for etter dei generelle reglane om dispensasjon i verneforskrifta. Ein eventuell dispensasjon skal setjast i verk utan opphald i høve til dei tiltaka lova krev.

7.1.5 Ferdsl

Ein privatperson ber om at Fylkesmannen bør revurdere framlegget i høve til regulering av kommersiell aktivitet, på bakgrunn av at Jotunheimen er det området i Noreg der det er mest "ekstrem" friluftsliv- og fjellsportaktivitet i sumarhalvåret.

Sogn og Fjordane bondelag meiner det må opnast for at ferdsel relatert til landbruksturisme må sikrast plass i den samla ferdselsplanen i verneområdet.

DNT (sentralt) meiner det må presiserast i pkt. 5.2 og i forvaltningsplanen at denne regelen ikkje er til hinder for tradisjonell turverksemd til fots i regi av turistforeiningar, skoler, barnehagar, ideelle lag og foreiningar. DNT meiner det skal mykje til for å innføre avgrensingar i allemannsretten. Det må derfor bli stilt klare faglege krav til dokumentasjon med omsyn til verknad friluftslivet har på naturmiljøet før forvaltningsstyresmakta kan regulere ferdsel til fots/på ski etter pkt. 5.4. I ein slik situasjon bør ulempene bli veid grundig i høve til dei mange fordelane ved utøvinga av friluftsliv. Pkt. 5.5 – omlegging av stiar blir dekt av pkt 5.4, og med utgangspunkt i at det ikkje er aktuelt å leggje ned nokre av dagens stiar kan dette punktet gå ut av forskrifta.

Fylkesmennene i Oppland og i Sogn og Fjordane viser til at ferdselsreglane i verneforskrifta skal sikre at det ikkje skjer skade på naturmiljøet, og såleis ikkje gjev høve til å skilje mellom kommersiell og anna ferdsel, noko som også omfattar landbruksturisme. Tilhøvet til turistforeiningar, skular, lag og organisasjonar høyrer heime i forvaltningsplanen og er omtala der. Verneforskrifta (og forvaltningsplanen) legg ikkje opp til å avgrense allemannsretten med mindre det kan skje skade på naturmiljøet. Fylkesmennene meiner at punktet om å fjerne stiar må stå av omsyn til villrein, anna dyreliv eller andre naturtilhøve, m.a. fordi det i framlegget til forvaltningsplan vert opna for å merke stiar under føresetnad av at dei kan fjernast dersom det seinare syner å vere problem for villreinen. Fylkesmennene tilrår dette framlegget til verneforskrift.

Direktoratet for naturforvaltning (no Miljødirektoratet) viser til at det har vore ønskje frå referansegruppa at det gjennom verneforskrifta kan verte stilt krav om at alle som gjennomfører organisert ferdsel i nasjonalparken skal rapportere til forvaltningsstyresmakta i ettertid. Direktoratet er i tvil om det er tilstrekkeleg heimel til å fastsette eit slikt påbod gjennom vernereglane og har derfor ikkje tilrådd dette sjølv om det kunne vere ønskjeleg. Slik oppmodning kan gjevast gjennom forvaltningsplanen eller gjennom kontakt med dei ulike aktørane. For søknadsplichtige tiltak kan det stillast krav om årleg rapportering. Direktoratet støttar elles fylkesmennene sine vurderingar.

Klima- og miljødepartementet sluttar seg til direktoratet.

7.1.6 Motorferdsel

Sogn og Fjordane bondelag er for dispensasjon frå forbodet mot motorferdsel. Landbruksturismen må også vere ein del av dette grunnlaget.

Forsvarsbygg vil at verneforskrifta må omarbeidast slik at naudsynt militær lågtflyging ikkje blir hindra, alternativt at vidare handsaming av denne delen av verneforskrifta vert utsett inntil ei arbeidsgruppe har ferdigstilt sitt arbeide.

DNT Oslo og Omegn og DNT (sentralt), Oppland fylkeskommune, Lom fjellstyre og Tilsynsutvalet i Lom støttar forbodet mot lågtflyging under 1000 meter over bakken. Fylkeskommunen meiner det er positivt at lågtflyging harmonerast med andre nasjonalparker. DNT meiner køying med heimel i forskrifta punkt 6.2 og 6.3 må rapporterast inn til forvaltningsstyresmaktene.

Luster kommune og Årdal kommune vil gå mot å innføre 1000 meter flygehøgde over verneområda ved turistflyging. Kommunane tilrår 300 m flygehøgde over bakken som er standard verneforskrift for nasjonalparker. Årdal kommune viser til at dette til no har vore standard for nasjonalparker og landskapsvernområde, og har vore praktisert og akseptert i ulike miljø. Denne flyhøgda vil truleg gi tilfredsstillande og naudsynt støyreduksjon i verneområda.

Avinor (Luftfartstilsynet) foreslår i forskrifta § 3 pkt. 6 ei minstehøgde på 1000 m over bakken for taxiflyging og turistflyging, samt 300 m over bakken for anna flyging. Det må avklarast med ytar av lufttrafikkeneste (Avinor) at minstehøgda over bakken ikkje får verknad på eksisterande og/eller planlagt luftrom. Til dømes må det bli avklart at undervegsflyging samt inn/utflyging til Fagernes lufthamn ikkje blir påverka. Ein gjer merksam på at restriksjonar knytt til lufttrafikk skal publiserast i A1P (Aeronautical Information Publication) Noreg.

DNT Oslo og Omegn ønskjer at transport av gjestar og utstyr på vinteren til Glitterheim turisthytte skal inn som eit eige punkt i § 3 pkt. 6.3. DNT Oslo og Omegn meiner at det i samband med fastsetting av nasjonalparkgrensa var lagt som ein føresetnad at transporten på vinteren og bruk av vegen om sommaren skulle bli vidareført slik den hadde vore gjennom alle år i samband med turisthytteverksemda på Glitterheim. Ein viser og til innspel til planarbeidet frå drivarane på Glitterheim som ein sluttar seg til.

Luster kommune vil ha nytt strekpunkt under pkt. 6.3 i forskrifta for nasjonalparken: "Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til snøskuterbruk i samband med skadefelling og lisensjakt på rovdyr innanfor rammene i motorferdsellova".

Statens landbruksforvaltning (SLF) (no Landbruksdirektoratet) meiner det er sentralt i alle verneforskrifter å oppdatere føresegnene i forskrifta slik at ein får med naudsynte tiltak i høve til dyrehelse/ dyrevernomsyn. SLF viser her til Dyrevernloven sine føresegner om tilsyn og stell, jf § 5a. punkt 4. "... 4. sjuke eller

skadde dyr får høveleg behandling og vert avliva om det trengst, .. " Dersom dyr på beite blir sjuke/skadd bør ein opne for transport med motorkjørety. SLF ber om at det vert teke inn ein regel om transport av sjuke/skadde dyr, i medhald av lov om dyrevern, i verneforskriftene for Jotunheimen nasjonalpark.

Fleire privatpersonar viser til den gamle verneforskrifta der det stod følgjande angående bruk av båt; *Bruk av båt med motor inntil 6 hk på Gjende, Russvatn og Bessvatn i samband med den bruksrett bygdefolk i Vågå og Lom eller utanbygds grunneigarar har i desse områda.* Dei meiner at det framleis må gå fram av forskrifta at utanbygds grunneigarar kan bruke båt med motor utan at dei må søkje om det. Vidare meiner dei at det er forskjellshandsaming når det ikkje er lagt opp til at dei som hytteeigarar kan få eige løyve til motorferdsle på vinterstid opp til hytta. Det er og peika på nokre tilhøve mellom forskrifta og forvaltningsplanen, som mellom anna at forvaltningsstyresmakta utvidar moglegheitene til motorferdsel i ny forvaltningsplan, samstundes som forskrifta gir ei snevrare grense for motorferdsel.

Vågå kommune går i mot å ha fartsavgrensingar på Gjende.

Vang fjellstyre/tilsynsutvalet i Vang tilrår at det under pkt 6.2 i verneforskrifta blir teke inn eit pkt. om funksjonshemma. I dag er det køyring med snøscooter, bandvogner og helikopter i samband med løypestikking, frakting av proviant til hyttene osv. Dette er motorisert ferdsel for å leggje til rette for friske fotturistar i sin beste alder. Nokre turar i tillegg eller i samband med slike transportar med funksjonshemma vil glede mange og i liten grad vere til ulempe for nokon.

Memurubu turisthytte meiner det ikkje bør tilligge forvaltningsstyresmakta å godkjenne køyretøy for bruk i næring. Bruk av motorkøyretøy er tilstrekkeleg regulert med gjeldande praksis.

Fylkesmennene i Oppland og i Sogn og Fjordane viser til at framlegget om motorferdsel for landbruksturisme ikkje ligg innafor reglane i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag og er i strid med å halde motorferdsel i utmark så lågt som mogleg av omsyn til ro i naturen og friluftslivet og er ikkje aktuelt å endre.

Fylkesmennene går inn for ei lågtflygingsgrense 300 m frå bakken som gjeld all flyging, noko som vil vere i samsvar med standard forskrift for nasjonalparker.

Fylkesmennene meiner at søknad om persontransport til Glitterheim, Gjendebu og Memurubu framleis skal handsamast etter den generelle unntaksparagrafen og soleis ikkje heimlast som eit eige punkt i verneforskrifta. Terskelen for slik transport skal vere høg i ein nasjonalpark.

Eit eige punkt om motorferdsel for felling av rovvilt høyrer ikkje heime i nasjonalparkforskrifta. Det er viltlova som styrer kva vilkår som gjeld for felling av rovvilt. Fylkesmennene meiner at pkt. 6.3.b om bruk av luftfartøy for

husdyrhald etter søknad dekkjer behovet då det knapt har vore ei sak om dette i nasjonalparken sidan opprettinga i 1980. Søknad om løyve kan i naudtilfelle handsamast munnleg mot rapport i ettertid. Det er ikkje ønskjeleg å opne for barmarkkøyring pga. skade på vegetasjon som er sårbar i høgfjellet.

Bruk av motorbåt på Gjende for utanbygdsbuande gjeld berre ein (tomte)eigar (som ikkje har beiterett), og i dette området går det rutebåt, noko som tilseier at løyve vil vere ei urimeleg forskjellshandsaming til gunst for denne eine eigaren. Det visast til eige brev frå direktoratet om dette i 1991.

Fylkesmennene ønskjer å halde på fartsavgrensing på Gjende då fleire hurtiggåande småbåtar ikkje høyrer heime i ein nasjonalpark der føremålet er å ta vare på naturmiljøet og ha minst mogleg støy. Bakgrunnen for å auke motorkraft på båtar var tryggleik og ikkje fart.

Funksjonshemma sine høve til å oppleve naturen i Jotunheimen er etter vårt syn gode i dag. Motorferdsel kjem i konflikt med vern om naturmiljøet og i høve til dei som driv friluftsliv, og fylkesmennene ser det som feil med eit punkt som tillèt motorferdsel i nasjonalparken for funksjonshemma. Det største behovet er elles på vegen til Glitterheim, og det vert gjeve løyve her.

Fylkesmennene ser det som avgjerande å ha full oversikt over motorferdsla i nasjonalparken for å sjå til at verneføremålet blir oppfylt, og det har då vist seg naudsynt å ha full oversikt over det som finst av motorkøyretøy til lands og til vatn i nasjonalparken. Ein vil på denne måten i tillegg sikre at ein ikkje får opphoping av gamle køyretøy i nasjonalparken slik det fins døme på i dag. Bortsett frå at fylkesmennene tilrår ei lågtflygingsgrense på 300 m over bakken, tilrår dei ingen andre endringar i verneforskrifta i høve til framlegget.

Direktoratet for naturforvaltning (no Miljødirektoratet) er usikker på kva for motorferdsel ein ynskjer i samband med landbruksturisme. Det vil etter verneforskrifta § 3 pkt. 6.3 c) vere mogleg å gi løyve til transport av proviant, utstyr ol., og det omfattar også slik transport i samband med landbruksturisme. Det er samstundes ikkje aktuelt å opne for persontransport utover det som allereie ligg inn i verneforskrifta, då det vil vere i strid med området sin status som nasjonalpark og at motorferdsla skal avgrensast.

Direktoratet støttar fylkesmennene sine tilrådingar om endring av lågtflygingsgrense. Direktoratet vil peike på at transporten av gjester som ligg fast på hyttene i vintersesongen, til Memurubu, Gjendesheim og Glitterheim er etablert som ei permanent ordning som det har vore gitt løyve til etter vernereglane i lang tid. Når dette no er etablert og det frå forvaltningsstyresmakta framleis vil bli gitt løyve, meiner direktoratet at dette bør inn som eit eiga punkt i verneforskriftene. Direktoratet tilrår derfor at det i pkt. 6.3 tas inn eit punkt om at forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til transport av gjester som ligg fast på hyttene, 2 gonger i veka på vinterføre til desse

turisthyttene i samsvar med forvaltningsplan. Det inneber at forvaltningsplanen kan gi nærare reglar om dette.

Det er frå Luster kommune kome ønskje om å ta inn at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til snøskuterbruk i samband med skade- og lisensfelling på rovdyr innanfor rammene i lova om motorferdsle i utmark. Direktoratet vil vise til at det særleg er aktuelt med uttak av jerv i dette området, og at slikt uttak ofte vert gjort av Statens naturoppsyn (SNO). SNO har heimel for motorferdsel i samband med dette etter reglane i Lov om statleg naturoppsyn. Dersom det i andre høve er naudsynt med motorisert ferdsel i denne samanheng, vil søknad kunne handsamast etter dei generelle dispensasjonsreglane i forskrifta § 4. Det er lagt til grunn at gjeldande rovdyrpolitikk og gjeld i verneområda. Ettersom det i nasjonalparken er ei generell dyrelivsfreding vert det teke inn i forskrifta § 3 pkt. 3.2 at vern av dyrelivet ikkje er til hinder for felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk. Med store rovdyr meinast bjørn, jerv, ulv og gaupe jf. forskrift 18. mars 2005 nr. 242 om forvaltning av rovvilt.

Direktoratet har endra forskriftsmalen av omsyn til sjuke/skadde bufe slik Statens landbruksforvaltning (no Landbruksdirektoratet) har vist til. Direktoratet tilrår at det vert teke inn i forskrifta § 3 punkt 6.2 at motorferdsel for uttransport av sjuke/skadde bufe i medhald av lov om dyrevelferd kan skje utan søknad. Det har ikkje vore førespurnad om barmarkkøyring etter at nasjonalparken vart oppretta, og behovet kan ikkje sjåast å vere stort. Av omsyn til næringa gjer direktoratet likevel framlegg om å ta inn dette som eit punkt i verneforskrifta. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av kjøring.

Direktoratet meiner som fylkesmennene, at hytteeigar ved Gjende har gode moglegheiter for transport inn til hytta, gjennom rutebåt og samordning av transport på vinterstid. Utover dette bør hytteeigarar søke om transport, noko som er i samsvar med nasjonal praksis i verneområde. Det er i tråd med direktoratets praksis at verneforskrifta på enkelte punkt viser til forvaltningsplanen. Dette er for å syte for ei einsarta forståing av kva som er meint med dette punktet i forskrifta. Etter ei konkret tolking av dei ulike reglane i forskrifta saman med forvaltningsplanen, vil mange av desse punkta i forvaltningsplanen vere bindande. Det er ikkje ønskjeleg at verneforskrifta har eit handlingsrom som kan gå utover verneføremålet. Samstundes skal forskrifta vere eit juridisk verktøy, og av omsyn til dette er det meir hensiktsmessig å utdjupe forskrifta i forvaltningsplanen. Direktoratet viser elles til fylkesmennene sin vurdering og støtter fylkesmennene sitt syn

Det har vore gitt løyve til oppkøyring av skiløype på Fanaråkbreen tidlegare etter generelle dispensasjonsreglar (§ 4). Ettersom dette er noko det er aktuelt å gi løyve til årvisst, bør motorferdsel til dette føremålet gå direkte fram av forskrifta. Det tas difor inn eit pkt. om at forvaltningstyresmakta kan gi løyve til dette, jf. § 3 pkt. 6.3n.

Det er behov for motorferdsel i samband med vedlikehald og reparasjon av kraftanlegga på Memurubu, og direktoratet foreslår derfor ein eigen heimel for at forvaltningstyresmakta kan gi løyve til dette, jf. § 3 pkt. 6.3 o.

Klima- og miljødepartementet vil merke følgjande:

Lågtflyging

Departementet viser til tidlegare samarbeid mellom tidlegare Miljøverndepartementet og Forsvarsdepartementet, der tilhøvet mellom verneområde og Forsvaret sin naudsynte lågtflyging er drøfta. Avveginga mellom verneomsyn og Forsvaret sitt behov for lågtflyging er gjort på bakgrunn av faglige råd frå Norsk institutt for naturforskning (NINA). Ut i frå dette tilrår Klima- og miljødepartementet at Forsvaret sin naudsynte lågtflyging ikkje er tillate der verneføremålet er knytt til artar som er særleg sårbare i høve til lågtflyging. Dette gjeld mellom anna særleg villrein og fjellrev, og då særskilt kalvingsområda og perioden for kalving når det gjeld villrein. Verneføremålet i Jotunheimen nasjonalpark er knytt til villrein, men kalvingsområda ligg utanfor nasjonalparken. Jotunheimen er òg eit fjellområde som er særst viktig for friluftsliv, både om sumaren, hausten og vinteren. Av omsyn til dei sterke friluftssinteressene, anbefaler Klima- og miljødepartementet at det vert forbod mot Luftforsvaret sin naudsynte lågtflyging med jagerfly i perioden 1. juli - 15. september. Forskrifta vil ikkje få nokon innverknad på inn- eller utflyging frå Fagernes lufthamn. Når det gjeld NGU sin lågtflyging i samband med kartlegging av geologiske ressursar legg departementet til grunn at dei omsyna som er omtalt i retningslinene for handsaming av søknader om lågtflyging i verneområde vert lagt til grunn for val av tidspunkt for flyginga.

Motorferdsel på vinterføre

Departementet meiner det ikkje er grunnlag for å vika i frå dei reglane som gjeld for transport til private hytter i nasjonalparkar generelt, og støtter difor direktoratet og fylkesmennene om at transport til private hytter må omsøkjast. Departementet vil merke at ein kan gi løyve til bruk av snøscooter til transport av varer og utstyr som gjeld for fleire år. Departementet vil òg merka at hytteeigarane ved Gjendebu bør kunne nytta den transporten som det er opna opp for til Gjendebu to gonger i veka om vinteren. Dette bør omtalast nærare i forvaltningsplanen.

Når det gjeld transport av gjester som ligg fast på dei tre turisthyttene Gjendebu, Memurubu og Glitterheim to gonger i veka vinterstid, samt oppkjøring av skiløype på Fanaråkbreen, støtter departementet direktoratet. Departementet sluttar seg elles til Fylkesmennene og direktoratet.

Motorferdsel på barmark

I verneforskrifta er det opna for transport av varer, m.m. til dei to turisthyttene Gjendebu og Memurubu ved bruk av traktor på eksisterande traktorveg. Departementet finn ikkje grunn til å opne for transport av varer og utstyr frå

Gjendebu og opp til privat hytte ved bruk av traktor, då transport av utstyr, material m.m. primært bør skje på vinterstid eller ved bruk av luftfartøy. Alternativt kan ein søkje om dispensasjon. Departementet legg mellom anna vekt på at av omsyn til naturverdiane er det viktig å avgrense kjøring på barmark til eit minimum.

Motorferdsel på Gjende

Rutebåttilbodet på Gjende er godt. Departementet støttar difor direktoratet om at private hytteeigarar og deira bruk av båt på Gjende til transport av varer m.m. må omsøkjast, i samsvar med vanleg praksis for slik ferdsle i nasjonalparkar.

Tilhøvet til funksjonshemma

Departementet viser til at av omsyn til naturverdiane og av omsyn til støy skal ein avgrense motorisert ferdsle i nasjonalparkar. Samstundes er det ønskjeleg at så mange som mogleg får høve til å kome ut og få gode naturopplevingar i nasjonalparkane. Departementet er samd med direktoratet om at det er fleire moglegheiter til å besøke Jotunheimen, mellom anna ved bruk av rutebåt på Gjende og på kjøreveg til Glitterheim om sumaren. Om vinteren kan ein kome inn ved bruk av motorisert kjøretøy til Memurubu, Gjendebu og Glitterheim, då det er opna opp for felles transport av gjester som ligg fast til turishyttene to gonger i veka. Sett i samanheng med dei ulike moglegheitene til å søkje om løyve, meiner departementet det ikkje er grunnlag for å utvida høvet til motorisert transport av funksjonshemma inn i Jotunheimen nasjonalpark.

7.2 Merknader til verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde

7.2.1 Generelle merknader

Årdal kommune meiner det er fornuftig med foreslått standardisering i forhold til andre verneområdeforskrifter, og at det særleine i tidlegare forskrifter som har fungert for våre verneområde, vert teke med vidare.

7.2.2 Verneføremål

Sogn og Fjordane bondelag tilrår at teksten må endrast i første setning til:Å verne og *forvalte* eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad

Årdal kommune tilrår at kulturlandskap bør nemnast saman med naturmiljø og kulturminne som føremål for vernet i § 1, og stiller seg sær positive til at kulturminne er sett på dagsorden og vert ein del av verneføremålet.

DNT (sentralt) støtter forslaget om at verneområda skal kunne brukast til naturoppleving og enkelt friluftsliv. "Tradisjonelt" bør sløyfes frå føresegna slik at omgrepet "enkelt friluftsliv" blir brukt i føremålsparagrafen, og dei ønskjer at det i forarbeida blir presisert at det aktivt skal stimulerast til økt friluftslivsbruk (jfr. forskrifta for Junkerdal nasjonalpark). Gjeldande formulering om at

”allmennheten skal gis anledning ...” kan bli oppfatta som for passivt, og det bør samtidig kome klart fram at friluftsliv er eit av hovudføremåla med vernet.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane meiner det er rett å ta inn kulturlandskap i verneføremålet. Fylkesmannen held elles på framlegget til verneforskrift på dette punktet.

Direktoratet for naturforvaltning (no Miljødirektoratet) viser til uttale under nasjonalparken, og tilrår same endringar i føremålet til Utladalen landskapsvernområde. Direktoratet støttar elles Fylkesmannen sin vurdering med omsyn til kulturlandskapet.

Klima- og miljødepartementet viser til at naturmangfaldlova ikkje heimlar at næringsverksemd, som turisme, landbruk og liknande kan vere ein del av verneføremålet. Desse aktivitetane er omtala under § 3, for å synleggjera at aktivitetane er sentrale i landskapsvernområdet.

7.2.3 Avgrensing

Ein privat person viser til at eigedomen Hagaberg har gnr./bnr. 14/4, og ikkje 14/1 + 2 (festenr.).

Klima- og miljødepartementet merker seg denne endringa og viser til at forskrifta er justert i samsvar med dette.

7.2.4 Landskapet

Klima- og miljødepartementet viser til at den siste av dei hyttene som blei godkjent bygd på Vettismorki jf. kgl.res. 5.desember 1980 framleis skal kunne byggjast. Hytta skal få ei utforming, storleik og plassering som gjer at den glir mest mogleg naturleg inn i det eksisterande bygningsmiljøet på staden. Plasseringa skal vere i samsvar med godkjent plan.

7.2.5 Ferdsl

Ein privatperson meiner Fylkesmannen bør revurdere framlegget i høve til regulering av kommersiell aktivitet, på bakgrunn av Jotunheimen er det området i Noreg kor det er mest ”ekstrem” friluftsliv- og fjellsportaktivitet i sumarhalvåret.

Sogn og Fjordane bondelag meiner det må opnast for at ferdsel relatert til landbruksturisme må sikrast plass i den samla ferdselsplan i verneområdet.

DNT (sentralt) meiner det er behov for ein klar presisering i forskrifta punkt 5.2 og i forvaltningsplanen der det går klart fram at denne føresegna ikkje er til hinder for tradisjonell turverksemd til fots i regi av turistforeiningar, skoler, barnehagar, ideelle lag og foreiningar. DNT legg til grunn at det skal mye til for å innføre avgrensingar i allemannsretten. Det må derfor bli stilt krav til dokumentasjon m.o.t. verknad friluftslivet har på naturmiljøet før forvaltninga kan regulere ferdsel til fots/på ski etter punkt 5.4. I slike situasjonar bør ulempene

avvegast grundig i høve til dei mange fordelane ved friluftslivet. Punkt 5.5 – omlegging av stiar blir dekt av punkt 5.4, og med utgangspunkt i at det ikkje er aktuelt å leggje ned nokre av dei eksisterande stiane kan dette punktet utgå.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane viser til at ferdselsreglane i verneforskrifta skal sikre at det ikkje skjer skade på naturmiljøet, og soleis ikkje gjev høve til å skilje mellom kommersiell og anna ferdsel, noko som også omfattar landbruksturisme. Tilhøvet til turistforeiningar, skular, lag og organisasjonar høyrer heime i forvaltningsplanen og er omtala der. Verneforskrifta (og forvaltningsplanen) legg ikkje opp til å avgrense allemannsretten utan at det kan skje skade på naturmiljøet. Vi meiner at punktet om å fjerne stiar må stå av omsyn til villrein og anna dyreliv, m.a. fordi det i framlegget til forvaltningsplan vert opna for å merke stiar under føresetnad av at dei kan fjernast dersom det seinare syner å vere problem for villreinen. Fylkesmannen tilrår dette framlegget til verneforskrift..

Direktoratet for naturforvaltning (no Miljødirektoratet) viser til Fylkesmannen sine vurderingar. Direktoratet meiner samstundes reglane for ferdsel bør endrast noko som følgje av at naturmangfaldlova ikkje gir høve til å regulere ferdsel til fots i landskapsvernområde. Direktoratet foreslår difor at ordlyden blir ”

Organisert ferdsel som kan skade naturmiljøet og dermed endre landskapets særpreg eller karakter vesentleg, t.d. større treningsopplegg, jaktprøver, øvingar, arrangement og konkurransar, og ferdselsformer som ikkje skjer til fots må ha særskilt løyve frå forvaltningsstyresmakta dersom det kan skade naturmiljøet”.

Klima- og miljødepartementet sluttar seg i all hovudsak til direktoratet, men meiner at omtalen av kva for aktivitetar som kan endre landskapet sitt særpreg eller karakter primært bør framkomme av forvaltningsplanen og ikkje av forskrifta. Forskrifta er derfor justert i samsvar med dette.

7.2.6 Motorferdsel

Sogn og Fjordane bondelag meiner at dispensasjon frå forbodet mot motorferdsel, m.a. også må gjelde landbruksturisme.

Forsvarsbygg meiner verneforskrifta må omarbeidast slik at nødvendig militær lågtflyging ikkje vert forhindra, alternativt at vidare behandling av denne delen av verneforskrifta vert utsett inntil overnemnde arbeidsgruppe har ferdigstilt sitt arbeide.

DNT Oslo og Omegn og DNT (sentralt) støttar forbodet mot lågtflyging under 1000 meter over bakken. Køyring heimla både i pkt. 6.2 og 6.3 må innrapporterast til forvaltningsmyndighetene.

Luftfartstilsynet viser til at i § 3 pkt. 6 er det framlegg om minstehøgde på 1000 m over bakken for taxiflyging og turistflyging, samt 300 m over bakken for annen flyging. Det må avklarast med yter av lufttrafikkeneste (Avinor) at minstehøgda over bakken ikkje får innverknad på eksisterande og/eller planlagt luftrom. F eks

må det avklarast at undervegsflyging samt inn/utflyging til Fagernes lufthamn ikkje blir påverka. Gjer vidare merksam på at restriksjonar knytt til lufttrafikk skal publiserast i A1P (Aeronautical Information Publication) Norge.

Årdal kommune og Luster kommune går mot lågtflygingsgrense på 1000 m over bakken, og tilrår 300 m over bakken, som har vore praktisert og akseptert i ulike miljø. Denne flyhøgda vil truleg gi tilfredsstillande og naudsynt støyreduksjon i verneområda. Dette blei det og tatt til orde for på eit ope møte i Luster 20.12.2008

Luster kommune vil ha nytt strekpunkt under punkt 5.3 i forskrifta for landskapsvernområdet: "*Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til snøskuterbruk i samband med skadefelling og lisensjakt på rovdyr innanfor rammene i motorferdsellova*".

Årdal kommune ber om at reglar for Vettisvegen vert endra slik at oppsitjarar på gnr 14, bnr. 4 (Hagaberg) også har rett til å trafikkere vegen i næringsføremål med traktor eller anna høveleg motorkøyretøy.

Statens landbruksforvaltning (SLF) (no Landbruksdirektoratet) ber om at ein tek inn ein regel i verneforskrifta om at motorferdsel for transport av sjuke/skadde dyr i medhald av lov om dyrevern. Køyretøy som nyttas skal vere skånsam mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområda i forkant av kvar kjøring. Det er sentralt i alle verneforskrifter å oppdatere reglane i forskriftene slik at ein får med naudsynte tiltak i høve til dyrehelse/dyrevernomsyn. Dei viser her til Dyrevernsloven sine reglar om tilsyn og stell, jf § 5a. punkt 4.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane viser til at framlegget til verneforskrifter tek utgangspunkt i standard mal for verneforskrift for landskapsvernområde utarbeidd av Direktoratet for naturforvaltning (no Miljødirektoratet), med tilpassing til gjeldande verneforskrifter for Utladalen landskapsvernområde frå 1980, som gjaldt då framlegget til forskrifter blei sendt på høyring. Framlegget om motorferdsel for landbruksturisme ligg ikkje innafor reglane i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Det er eit nasjonalt mål å halde motorferdsel i utmark så lågt som mogleg av omsyn friluftslivet og behovet for å oppleve ro i naturen. Det er ikkje aktuelt å endre forskrifta. Fylkesmannen går inn for ei lågtflygingsgrense på 300 m frå bakken som gjeld all flyging, som er standard i verneområde der det er ei lågtflygingsgrense. Eit eige punkt om motorferdsel for felling av rovvilt høyrer ikkje heime i forskrifta. Fylkesmannen meiner at pkt. 6.3. b) om bruk av luftfartøy for husdyrhald etter søknad dekkjer behovet då det knapt har vore ei sak om dette i landskapsvernområdet sidan opprettinga i 1980. Søknad om løyve kan i naudtilfelle handsamast munnleg mot rapport i ettertid. Det er ikkje ønskjeleg å opne for barmarkkøyring pga skade på vegetasjon som er sårbar i høgfjellet. Fylkesmannen tilrår elles (utanom lågtflygingsgrense på 300 m over bakken) inga endringar i verneforskrifta i høve til framlegget. Fylkesmannen meiner det er rett å ta inn ei endring for gnr/bnr. 14/4 når det gjeld motorferdsel på Vettisvegen.

Direktoratet for naturforvaltning (no Miljødirektoratet) viser til omtale av desse punkta i samband med nasjonalparkforskrifta, og tilrår same endringar i verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde.

Klima- og miljødepartementet viser til at Utladalen landskapsvernområde er eit mykje brukt friluftsområde, både om vinteren, sumaren og hausten, og ferdsla er nær knytt opp til Jotunheimen nasjonalpark. Av omsyn til friluftsiinteressene i verneområdet foreslår departementet at forsvarets lågtflyging ikkje kan gjennomførast i perioden 1. juli - 15. september. Forskrifta vil ikkje få nokon innverknad på inn- eller utflyging frå Fagernes lufthamn. Transport i samband med ivaretaking av dyrehelse er teke inn i forskrifta.

7.2.7 Matlova

Klima- og miljødepartementet legg til grunn at i særskilde høve kor det er behov for å setje inn tiltak etter lov av 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattryggleik mv. (matlova), vil dette kunne dispenserast for etter dei generelle reglane om dispensasjon i verneforskrifta. Ein eventuell dispensasjon skal setjast i verk utan opphald i høve til dei tiltaka lova krev.

8 FORVALTNINGSSTYRESMAKT

Lom kommune meiner Jotunheimen bør få ein lokal forvaltningsmodell. Dei meiner det er erfaringsgrunnlag og kompetanse lokalt til å forvalte verneverdiane i området. Alternativt bør dei lokale tilsynsutvala få avgjerdsmynde på utvalde saksområde (krev endring av § 8). Kommunen meiner dei økonomiske rammene for utøving av forvaltnings- og tilsynsoppgåver i Jotunheimen nasjonalpark blir vesentleg auka.

Vågå kommune meiner at sjølv om det er små konflikhtar knytt til Fylkesmannen sin forvaltning av nasjonalparken, må det innførast lokal forvaltning av Jotunheimen slik det er gjort for Reinheimen. Kommunane har opparbeidd seg både politisk og fagleg/administrativ kompetanse. Store areal i kommunane er underlagt statleg vern med innskrenkingar i bruk og demokratiske styringsprosessar. Lokal forvaltning er optimalt for å sikre lokale interesser og verneverdiar.

Lom fjellstyre går inn for at tilsynsutvala får avgjerdsmynde i visse sakstypar, og at ressursane til forvaltning, skjøtsel og oppsyn må aukast vesentleg. Fjellstyret er interessert i større sal av tenester.

Luster kommune meiner at forvaltninga av verneområda bør skje lokalt. Kvar kommune har forvaltningsansvaret for verna areal innanfor sine respektive grenser. Kommunar med forvaltningsansvar får årleg stilt til rådvelde midlar til skjøtsel og forvaltning av verneområde.

Tilsynsutvalet vil at forvaltningsansvaret for nasjonalparkar framleis skal liggje til staten, dvs. Fylkesmannen, med tilsynsutval lokalt. Tilsynsutvalet viste til at erfaringane med Fylkesmannen som forvaltningsstyresmakt etter kvart er vorten veldig god. (Ope møte i Luster 20.12.2007).

Norges Bondelag meiner at lokale og regionale folkevalde organ skal gjevast auka mynde i naturforvaltninga.

DNT (sentralt) er positive til at Turistforeninga blir involvert i ulike forvaltningsmøte og synfaringar, og ønskjer at DNT Oslo og Omegn blir med i det rådgjevande utvalet.

Fylkesmennene i Oppland og i Sogn og Fjordane viste i 2008 til at forvaltninga med lokale tilsynsutval, i mange år har hatt eit svært lågt konfliktnivå på tross av store brukarinteresser og intensiv bruk frå mange brukargrupper. Det er svært viktig med ei heilskapleg forvaltning av Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, utan oppsplitting av forvaltningsmynde. Fylkesmennene meiner ordninga med lokale tilsynsutval, som har fellessamling ein gong i året, har fungert svært bra og tilrår den innført også i andre nasjonalparkar. Lokalt vert dei lokale tilsynsutvala oppfatta som ein del av avtalen ved opprettinga av Jotunheimen nasjonalpark i 1980. Den norske Turistforening (DNT) har fast invitasjon på fellessamlinga for tilsynsutvala pga. sine store brukarinteresser i området, og kunne slik sett stått som fast medlem her. Fylkesmennene går inn for å halde på den framtrekande rolla som tilsynsutvala har, uansett om det er Fylkesmannen eller eit verneområdestyre som har forvaltningsmynde. Fellessamlinga for tilsynsutvala bør formaliserast ved at det vert oppretta eit rådgivande utval med representantar frå dei lokale tilsynsutvala og andre berørte partar som DNT og Statskog.

Direktoratet for naturforvaltning (no Miljødirektoratet) viser til at Miljøverndepartementet (no Klima- og miljødepartementet) i brev 14. desember 2009 kom med tilbod om lokal forvaltning til ei rekkje verneområde, mellom anna til Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. Dersom kommunane ynskja det, kunne det på nærare vilkår bli etablert eit nasjonalpark-/verneområdestyre bestående av politiske representantar frå kommunane og fylkeskommunane.

Klima- og miljødepartementet viser til at det i samsvar med forvaltningsmodellen for nasjonalparkar og andre store verneområde er oppretta eit nasjonalparkstyre som har forvaltningsmynde for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. Det er tilsett to nasjonalparkforvaltarar som sekretariat for nasjonalparkstyret. I samsvar med vedtektene for nasjonalparkstyret skal det etablerast eit rådgivande utval, der representantar for grunneigarar, ymse organisasjonar, tilsynsutval m.m. kan vere representerte. Utvalet kan kome med innspel til forvaltninga og det er lagt til grunn at nasjonalparkstyret skal ha minst eit møte med utvalet i løpet av året.

Klima- og miljødepartementet

t i l r å r:

Forskrift om vern av Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen
landskapsvernområde vert fastsett i samsvar med vedlagte forslag (vedlegg 1
og 2)